



Reglar for SEINT INNKOMNE DOKUMENT/ UTTALER I SAKER TIL POLITISK BEHANDLING

Voss kommunestyre har i møte 30. november 2006, sak 95, gjort følgjande vedtak:

Inntil vidare, iverkset Voss kommune som ei prøveordning, slik praksis:

- 1 Dersom innspel i ei sak er komen inn til Voss kommune/ representantane i kommunestyret/ utval innan to dagar før møtet skal avviklast, skal innsendar ha krav på at innspel vert handsama. Det er då eit vilkår at innspel vert distribuert direkte til representantane i kommunestyret/utval frå innsendar.
Desse innspela bør då også sendast administrasjonen innan same frist.
- 2 Vedtaksorganet gjer då si eiga vurdering av om det ny-innkome sakstilfanget er av ei slik art at saka bør utsetjast inntil supplerande saksutgreiing føreligg. Eventuelt utsettingsvedtak vert gjort av organet sjølv som vanleg fleirtalsvedtak. Rådmannen skal ha høve til å gje si vurdering innan vedtaksorganet eventuelt røystar over utsettingsframlegg.
- 3 Vedtaksorganet gjev også tilvising om korleis ny tilleggsutgreiing skal gjerast. Er det t.d. ei kommunestyresak der det føreligg innstilling frå eit anna politisk organ, kan kommunestyret t.d. senda saka attende til innstillingsorganet for ny behandling.
- 4 Ordførar i kommunestyret og utvalsleiar i dei andre utvala har den formelle avgjerdsmynda med omsyn til kva ny dokumentasjon som skal leggjast fram i møtet: - i tillegg til det som er utsendt med ordinær møteinnkalling. I kommunestyresaker bør såleis ordførar saman med den oppnemnde saksordføraren ha eit særleg ansvar for å førebu presentasjon og vurdering av for seint mottekne saksinnspel. I andre politiske organ har utvalsleiar tilsvarande førebuingsansvar.
- 5 Desse rutinane gjeld ikkje for saker der lov/reglement gjev særlege tidsfristar; eller ved høyrings-saker med kunngjort tidsfrist for merknad.